



Referat frå årsmøte Nordhordland Jakt og Fiskelag

27. Mars 2023

Nordgardsløa, Frekhaug

Saksliste:

1. Konstituering av møtet

- Godkjenning av innkallinga - OK
- Godkjenning av dagsorden - OK
- Godkjenning av forretningsorden - OK
- Val av ordstyrar – Aleksander Mogen
- Val av sekretær – Eivind Myrtveit
- Val av teljekorps – Martin Soltveit og Arild Steen
- Val av to medlemmar til å underskrive protokollen – André Michelsen og Jørn Karlsen

2. Årsmelding frå siste kalenderår

3. Revidert rekneskap frå siste kalenderår

4. Innkomne saker med styret sine forslag til vedtak

5. Retningslinjer for foreiningsdrifta

6. Andre saker som styret har ført opp på dagsorden

7. Styret sine forslag til årsplan og budsjett

8. Styret sine forslag til kontingentnivå (låg, middels, høg sats) for hovudmedlemskap.

9. Val av styre i samsvar med § 8

10. Foreininga sin utvalsstruktur og val av medlemmar til utval etter behov

11. Val av valnemnd på 2 medlemmar

12. Val av revisor(ar)

13. Eventuell utnemning av æresmedlemmer



14. Eventuelt forslag om vedtektsendring med utgangspunkt i NJFF si vedtektsnorm

Sak 2: Årsmelding

Årsmelding 2022

Året har gått fort, kanskje for fort. Da har vært mindre aktivitet ut over da vanliga då mange har hatt et travelt år.

Med unntak av jegerprøvekurs. Her har Arild Steen gjort ein kjempe jobb med å holde kurs. Da har vært flere kurs og deltagere enn på mange år. Da har gitt stort inntektshopp på denne posten. Ingen tvil om at datta e gull for laget. Så vi skal jobba vidare og få i gang mange kurs i kommande år.

Vi hadde iløp av sommaren et tillitsvalgt møte for å øke aktiviteten i laget. Mangen frå utvalgena stilte her med gode forslag og mange ideer. Men da blei med møte då oppfølginga i utvalgena va nok så slapp.

Haglebana i stokkedalen.

Lite har skjedd med haglebana siste året. Tippemiddelsøknaden blei godkjent første gang og blei fornya på hausten for andre gangs godkjenning. Den må nok gjennom 3 runde også før endeleg godkjenning.

Da har blitt jobba med og få pris og folk til avgraving og sprenging på bana. Dette er fortsatt under arbeid.

Vi jobber med å få inn et hagleutvalg med ivrige hableskyttere som kan være pådragsyter for utbygging og drift av bana. Så får vi kanskje fart i sakene.

Skyteutvalget:

Vi har gjennomført 2 jaktfeltstevner i Stokkedalen. Dette med normal deltakelse.

Vi hadde også nybegynnerkurs i jaktfeltskyting.

Eivind og Aleksander var med som arrangører på NM jaktfelt som var på Ulven i sommar. Dette va ei våt og kald veka, skulle tru da va midt i januar.

Oppsummering av deltagelse på NM jaktfelt og elgbane.

Andrè Michelsen kom seg til hovedfinale i NM elgbane



Dina Svenheim slo bestefar Andrè og blei nummer 4 i rekruttklassen på NM jaktfelt. Kjempe prestasjon.

Espen Jakobsen var i toppform og sikra seg finale plass og 2 plass i sin klasse på jaktfelt.

Eivind Myrtveit, Aleksander Mogen og Espen Jakobsen utgjorde et lag i lagskytinga på jaktfelten og tok ein sterk 6 plass av totalt 36 lag.

Aleksander var også med på fylkeslaget i elg skyting og var med i super finalen på press skytinga og fekk ein 5 plass der.

Det har vore mykje god skyting av gutta i år. Både Eivind og Espen rykka opp i kvar sin toppklasse i jaktfelt. Aleksander fortsatte godformen og blei nummer 5 i landsdelsmesterskapet på Jæren, han blei også fylkesmester og vant cupen med 600 av 600 mulige poeng.

Hundeutvalget:

Det har blitt avholdt ordinær blodsporprøver i AK og EK med god påmelding.

Vi avviklet 6 spor i AK klasse og 6 spor i EK klasse 14 August.

Det har også blitt avholdt en del bevegelige prøver på blodspor og ferskspor.

10 ekvipasjer i blodspor AK klasse.

3 prøver ferskspor.

Ettersøksringen fikk i jakta 2022 213 løyver for 2022 mot 189 løyver i 2021.

Dette var litt opp fra året før.

Det blei ein liten nedgang i ettersøk sammenlignet med året før.

Det blei kun innmeldt 1 tilfeller av skadeskyting.

Dette var også eit søk der skyttaren var sikker på bom men ville allikevel ha en gjennomgang.

Det planlegges for: «Hundens dag» og blodsporprøver i løpet av året som tidligere med både Ak- og Ek- spor.

Ellers vil vi prøve å få gjennomført fellestreninger som tidligere og øke antall ekvipasjer.

Vi har også på gang utdanning av 2 nye dommere som ventes godkjendt i 2023.

Det må investerast i utvida ettersøkskurs for dei som ikkje har det.



Det er ellers ein fin, stabil og omtenkksom gjeng som stiller på ettersøkstreningar og dugnad på prøver m.m.

- ❖ Spm. ang ettersøksavtalar fra André: Nokon som har oversikt over antall løyver i Nordhordland? Svar frå Eivind: Alver hadde ihvertfall totalt 2061 dyr i 2022. André: Me må prøva å få tak i fleire avtalar, me hadde mange fleire før ettersøksgruppa vart «delt opp» ein gang i tida. Må annonsera godt.

Jaktutvalget:

Hjortejakt

OPPLÆRINGSJAKTEN 2022 I DYRKOLBOTN, NIPO OG EITERDALEN

Jakten foregikk som vanlig stort sett en dag pr helg, gjennom hele jakten utenom den uken vi er på elgjakt. Vi avsluttet 20 november da NJFL sin kvote (4 dyr) var full.

I løpet av høsten deltok 13 personer i regi av NJFL.

Her er plass til flere, spesielt litt ut i jakten. Blir vi for mange, vil førstegangsjegere bli prioritert.

Elgjakt

Elgjakten på Søre Messeltsetra i Østerdalen 2022 foregikk som vanlig 2-8 oktober. Vi leier hundefører lokalt.

Kvoten på tre dyr ble felt i løpet av tre dager, og de som ønsket kunne derfor prøve seg på småvilt noen dager før hjemreise.

10 personer deltok i fjor, men normalt har vi en grense på 9 personer. De siste årene har det vært bra pågang med jegere. Det skyldes nok stabiliteten i jaktlaget.

Personer som har deltatt tidligere blir prioritert, men frafall forekommer, så muligheten er til stede for nye interessenter.

Revejakt

Det er fire åteplasser som kan benyttes av medlemmer og sidemedlemmer. Det er egen Facebook gruppe for organisering. Det har i løpet av året kommet til noen nye jegere som vil prøve åtejakt, det er hyggelig.

Åtet på Hundvin har startet opp igjen med foring på høsten og det har vært noe rev innom sporadisk. Nå er strømmen av i forbindelse med byggeprosjekt, på sikt skal åtebu og åte flyttes noe lenger nord. Det vil gi lettere tilkomst til bu og ett mer gunstig område for rev da dagens bø er brakket.

Åtet i Molvik har hatt bra aktivitet i perioder, det ble tatt tre rev derav to på en natt, og det har vært flere observasjoner av rev uten at det har blitt felling. Kamera løsning fungerer ganske stabilt med antenne oppe på åsen. Det er kjøpt inn større solcellepanel for lading av batteri på lys og det som er montert skal flyttes til Hopland.

Åtet på Åse har hatt bra aktivitet av rev og det ble tatt tre på åte. Den nye kamera løsningen med solcelle fungerer utmerket. Det er tanker om å få forbedret sitteplassen for å gjøre det lunere og mer romslig.

Åtet på Hopland har ikke vært helt skikkelig i drift med kamera, lys og foring. Men alle deler er på plass så det er bare oppfølging som skal til. Bua er malt og har fått torv på nesten hele taket. Med solcellene fra Molvik vil lyset klare seg selv utenom de mørkeste månedene. På Austrheim har det vært tatt mye rev så det merkes nok også på bestanden.



Det er etablert flere avtaler for grunneiere om lokkeplasser for rev og egen Facebook gruppe for organisering.





Fellefangst

Det er gjort avtale med grunneiere for fellefangst på to områder som kan fordeles til ungdom, nybegynnere eller andre som er interessert.

Praktisk opplæring er tilbudt gjennom hele sesongen.

Laget har feller til utlån.

10 Syning feller med tunell og spennjern som er godt egnet for ungdom, klar for bruk, enkel og sikker.

Vi har også Belisle, 12stk 120 og 12stk 160, spennjern samt to Victor røyskattfeller. Men disse er uten kasser.

Det tilbys utlån av feller til jegere som stiller seg disponibel for opplæring, ungdom og ut over det til nybegynnere og andre medlemmer så lenge det er tilgjengelige feller.

Predatorjakt konkurransen fortsetter. Det har ikke vært så god respons på sponning av gevinster, men laget går inn med ett mindre beløp for å stille en gevinst. Det fokuseres på uttrekkspremier slik at alle som deltar har mulighet til å vinne toppgevinst.

Dette er driftet som ett lavterskel sosialt tiltak med ett hint av konkurranse via egen facebook gruppe.

Nordhordland JFL - Predatorkonkurranse 2022/2023.

Art:	Skjor	Nøtteskr.	Kråke	Ravn	Røyskatt	Mink	Mår	Rev
Poeng:	10	10	20	25	25	50	50	50

Oppdatert: 15.02.23

Navn	Oppdatert	Skjor	Nøtteskr	Kråke	Ravn	Røyskatt	Mink	Mår	Rev	Poeng:
Morten Unneland	09.10.2022				1				18	925
Ørjan Storsæet	18.01.2023					1		6	2	425
Jan Borge Skage	12.09.2022								8	400
Aleksander Mogen	08.01.2023							3	1	200
Tobias Storsæet	09.12.2022								2	100
Kristian Konglevoll	12.08.2022	1			1				1	85
Arild Steen	18.09.2022	3							1	80
Jørn Karlsen	20.11.2022								1	50
Sverre Løvsett	18.08.2022								1	50
Roy Arve Helland	05.12.2022						1			50
Sum:		4	0	0	2	1	1	9	35	2365



Jegerprøveutvalget:

Arbeidene for gjennomføring av jegerprøven som et eget utvalg, var igangsatt Januar 2022. Tanken er at det skal etableres et undervisnings opplegg, som gjennom utvalgets arbeid kan gjennomføres uavhengig av styrets sammensetning. Dette for å ivareta en permanent og stabil løsning, samt å få etablert en god gjennomtenkt pedagogisk opplæring i regi av NJFL.

Instruktører for dette utdannes gjennom Miljødirektoratet, og er underlagt deres restriksjoner. Men gjennomføringen er i regi av Foreningen. Inntekter og utgifter for gjennomføringen tilfaller derfor NJFL.

Potensielt vil det gjennom å avholde jegerprøvekurs være et godt inntektsgrunnlag. Her vil muligens også være den største anledning til rekruttering av nye medlemmer. Det ønskes, og arbeides også med at jegerprøvekursene kan være et springbrett inn mot en del aktiviteter i foreningen. Nye jegere er ofte meget ivrig å kunne delta på alt som gir dem innføring i jakt, fangst og tilhørende aktiviteter. Men dette krever et større samarbeid på tvers av utvalgene.

Kursene for 2022

Jegerprøvekurs 2022						
Statistikk						
						13.10.2022
	Antall på kurset	Nye medlemmer	Inntekt:			Sum:
			Fra kurset:	Medlemskont	Studieforb.	
Kurs 1:	17	13	37 100	1 430	3 000	41 530
Kurs 2:	11	7	24 200	770	3 000	27 970
Kurs 3:						-
Kurs 4:	8	5	21 800	440	3 000	25 240
	36	25	kr 83 100,00	kr 2 640,00	kr 9 000,00	kr 94 740,00

Nye medlemmer

69 %

Annonsert 4 kurs, avholdt 3.

Deltakere samlet: 36 stk

Nye medlemmer: 69 % av deltakerne

Samlet inntekt: 94.740,- kr



- ❖ Notis: Her må me ha ei liste klar med forskjellige tilbod til nyutdanna (og erfarne) jegerar for å fanga interesse.
Ørjan: Har begynt på ei liste, utvala må komma med innspel til aktivitetar til denne.
- ❖ Me må bli flinkare til å annonsera og synleggjera aktivitetar i forskjellige fora.
Månadleg infoskriv på e-post til medlemmane f.eks?



Sak 3: Rekneskap

ARSRESULTAT: Nordhordland jakt og fiskelag - 2022

Regnskap/budsjett: 01.01.2022 - 31.12.2022 Fjorårstall: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konto Navn	I år	I for	Budsjett
RESULTATREGNSKAP			
Driftsinntekter			
3010 Kontingent	31 065,00	20 940,00	20000
3020 Jegerprøvekurs	62 700,00	20 010,00	50000
3035 Skytebane Stokkedalen	1 301,81	7 613,25	15000
3040 Radøyhallen	10 430,00		2000
3050 Elgjakt	72 000,00	54 000,00	62000
3060 Hjortejakt	13 240,00	32 914,00	15000
3070 Vittefonen	20 220,00	17 910,00	20000
3080 Jaktfelt	16 202,33	27 918,00	18000
3090 Fiskeutvalget			5000
3100 Hundegruppa	15 289,00	8 046,00	7000
3110 Familiedag		7 500,00	2000
3120 Ungdomssatsing			2000
3130 Studietilskot	9 000,00	6 000,00	12000
3140 Småviltjakt	589,50	8 000,00	15000
3900 Andre driftsinntekter	27 051,74	14 849,02	15000
Sum Driftsinntekter	299 719,38	225 706,27	260000
Driftsutgifter			
4000 Administrasjon	- 13 750,25	- 16 587,60	-15000
4050 Annonser		- 2 290,00	-500
4060 Jegerprøven	- 46 757,94	- 6 486,00	-12000
4070 Leirduebane Lindås	- 1 360,00	- 1 315,00	-2000
4080 Radøyhallen	- 5 975,20	- 1 250,00	-1000
4090 Skytebane Stokkedalen		- 5 144,00	-200000
4100 Elgjakt	- 101 567,86		-62000
4110 Hjortejakt	- 15 500,00	- 15 500,00	-20000
4140 Småviltjakt	- 2 243,04	- 8 289,36	-10000
4150 Vittefonen		- 5 200,40	-5000
4160 Jaktfelt	- 14 948,75	- 28 939,63	-15000
4170 Fiske		- 1 671,33	-2000
4180 Hundegruppa	- 5 380,00	- 8 855,40	-10000
4200 Familiedag		- 2 512,20	-2500
4210 Ungdomssatsing			-2500
4400 Gebyr	- 201,00	- 190,00	-500
4499 Andre utgifter	- 11 618,63	- 2 089,00	-5000
4500 Instruktørkurs	- 17 933,66	- 2 600,00	-10000
4530 Utstyr		- 1 045,00	-5000
Sum Driftsutgifter	- 237 216,33	- 110 535,52	-380000
DRIFTSRESULTAT	62 503,05	115 164,75	-120000
Finansposter			
8000 Renter		87,00	
8010 Renter kapitalkonto	1 283,00	641,00	
Sum Finansposter	1 283,00	728,00	
RESULTAT FØR SKATTER	63 786,05	115 892,75	-120000
Disp. av årsresultat			
8950 Overføring egenkapital	- 63 786,05	- 115 892,75	
Sum Disp. av årsresultat	- 63 786,05	- 115 892,75	
ÅRSRESULTAT ETTER DISPOSISJONER	0,00		-120000

- ❖ Kapital per 31/12-2022: Driftskonto: 206.411kr Sparekonto: 194.890kr Prosjektkonto (øremerka leirduebane Stokkedalen): 201.601kr
- ❖ Utgifter for elgjakt 2021 og 2022 er ført på 2022 pga. seint levert faktura.



Sak 4: Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

Sak 5: Retningslinjer for foreiningsdrifta

I henhold til nye vedtekter frå NJFF.

Sak 6: Andre saker som styret har ført opp på dagsorden

Ingen andre saker

Sak 7: Styret sine forslag til årsplan og budsjett

Årsplan 2023

- 2 stk. jaktfeltstevner, 26 mars (regionsmesterskap) og 14 mai
- Jegerprøvekurs
- Predatorkonkurrans
- Hjortejakt
- Elgjakt
- Fuglejakt i Dyrkolbotn
- Drift av eksisterande reveåter
- Fortsette utvikling og utbygging av leirduebane
- Blodspor prøver
- Hundesamlingar
- ❖ Ettersøks arbeid
- ❖ Prøva å få til ein familiedag
- ❖ Tillitsvalt-møte
- ❖ Medlemsmøter m/tema
- ❖ Ta initiativ til haustmøte -m/dyktig foredragshaldar
 - presentere laget, ettersøksavtalar og jakt
 - fokus på avskyting og viltforvaltning
- ❖ Prøve å få ein fast representant i landbruksfagrådet. Forslag: Øystein Frotaule.



Budsjett for 2023

Budsjett 2023		
	Driftsinntekter	
3010	Kontingenter	30 000
3020	Jegerprøvekurs	90 000
3030	Leirduebana (Lindås)	0
3035	Skytebane Stokkedalen	15 000
3040	Radøyhallen	2 000
3050	Elgjakt	62 000
3060	Hjortejakt	15 000
3070	Vilttelefon	20 000
3080	Jaktfelt	18 000
3090	Fiskeutvalet	0
3100	Hundegruppa	10 000
3110	Familiedag	0
3120	Ungdomssatsing	0
3130	Studietilskot	12 000
3140	Småviltjakt	1 000
3900	Andre inntekter	30 000
		305 000

I tillegg har me:

4stk salongrifler	4 000
4stk hagler	4 000
1stk Mauser M98	3 000
1/3 av 100m riflebane	1 300 000
Leirduekaster og bu	30 000
Feller til utlån	8 000
Viltkamera og solceller	6 000
Jaktradioar	3 500
Sum:	1 358 500

Budsjett 2023		
	Driftskostnader	
4000	Administrasjon	15 000
4050	Annonser	500
4060	Jegerprøvekurs	48 000
4070	Leirduebana (Lindås)	1 500
4080	Radøyhallen	2 000
4090	Skytebane Stokkedalen	200 000
4100	Elgjakt	62 000
4110	Hjortejakt	17 500
4140	Småviltjakt	5 000
4150	Vilttelefon	5 000
4160	Jaktfelt	15 000
4170	Fiskeutvalet	0
4180	Hundegruppa	10 000
4200	Familiedag	0
4210	Ungdomssatsing	0
4400	Gebyr	500
4499	Andre utgifter	15 000
4500	Instruktør/kurs	10 000
4530	Utstyr	5 000
		412 000



Sak 8: Styret sine forslag til kontingentnivå (låg, middels, høg sats) for hovudmedlemskap.

NJFF sentralt har vedtatt å ha felles styring for kontingent i heile forbundet.

Styret foreslår middels nivå.

- ❖ Dette vart godkjent på årsmøtet

Representantskapsmøtet vedtok følgende kontingentsatser for 2023:

Kategori	Sentralt	Fylke	Forening	Totalt
Hovedmedlemskap med Jakt & Fiske lav	590	90	45	725
Middels	590	90	125	805
Høy	590	90	210	890
Barne- og ungdomsmedlemskap med Jakt & Fiske	305	50	50	405
Barne- og ungdomsmedlemskap uten Jakt & Fiske	175	50	50	275
Pensjonist/uføremedlemskap med Jakt & Fiske	425	85	50	560
Ektefelle/samboermedlemskap uten Jakt & Fiske	180	80	50	310
Sidemedlemskap uten Jakt & Fiske	180	25	190	395
Æresmedlemskap	305			305
Direktemedlemskap med Jakt & Fiske	800			800
Familie-medlemskap	775	115	220	1110

Vidare så blir medlemskapet endra (av NJFF) slik at det ikkje følger kalenderåret, men datoen du melde deg inn.



Sak 9: Val av styre

Utval	Verv	Navn	På valg i	
Hovedstyre	Leder	Aleksander Mogen	2024	Gjenvalg
	Nestleder	Eivind Myrtveit	2025	Gjenvalg
	Styremedlem	Ørjan Storsæt	2025	
	Styremedlem	Sverre Løvslett	2025	Ny
	Styremedlem	Arild Steen	2024	
	Styremedlem	Svein Olav Frydenlund	2024	
	Vara	Eivind Lervik	2024	
	Vara	Helge Warberg	2024	
Jaktutvalg	Leder	Ørjan Storsæt	2025	Ny som leder
	Medlem	Ole-Fredrik Fanebust	2025	Ny
	Medlem	Livar Frøyland	2024	
	Medlem	Rune Alling	2024	
	Medlem	Roy Arve Helland	2024	
Rifleutvalg	Leder	Aleksander Mogen	2025	Gjenvalg
	Medlem	Jan Børge Mikkelsen	2024	
Hagleutvalg	Leder	Sverre Løvslett	2025	Ny
Jegerprøveutvalg	Leder	Arild Steen	2024	
Hundeutvalg	Leder	Svein Olav Frydenlund	2024	
	Medlem	Siv Tvilde	2024	
	Medlem	Tore Kalnes	2024	
	Medlem	Trude Jæger Abelsen	2024	
	Medlem	Kjetil Refsdal	2025	Gjenvalg
Kasserer		Eivind Myrtveit	2025	Gjenvalg
Regnskapsfører		Eivind Myrtveit	2025	Gjenvalg
Revisor		Martin Soltveit	2025	Ny
Valgnemd		André Michelsen	2024	
		Tore Kalnes	2025	Tar over for Martin
		Jørn Karlsen	2026	Ny

Ønske frå valgnemd: Styret må komma med forslag til neste års val.



Sak 10: Foreininga sin utvalsstruktur og val av medlemmar til utval
Sjå sak 9.

Me har delt opp Skyteutvalget til Rifleutvalg og Hagleutvalg.
I tillegg har me oppretta Jegerprøveutvalg.

Sak 11: Val av valnemnd på 3 medlemmar
Sjå sak 9.

Sak 12: Val av revisor(ar)
Sjå sak 9.

Sak 13: Eventuell utnemning av æresmedlemmer
Ingen forslag eller utnemningar.

Sak 14: Eventuelt forslag om vedtektsendring med utgangspunkt i
NJFF si vedtektsnorm

NJFF har komme med ny felles vedtektsnorm som alle lokallag må godkjenna seinast
på årsmøtet i 2023.

Me gjekk gjennom forslaget som vart presentert for årsmøtet. Dette vart godkjent
med ein par mindre endringar.

Nye vedtekter følger på neste sider.

Referent - Eivind Myrtveit

André Michelsen – Signatur

Jørn Karlsen - Signatur



Vedtekter for Nordhordland Jakt- og Fiskelag i NJFF

Laget vart stifta 21. november 1985.

Desse vedtektene vart vedtatt på årsmøtet 27. mars 2023

Vedtektene var tidlegare endra 3. september 1999

Gjeldande vedtekter er i henhold til vedtektsnormen som vart vedtatt på Norges Jeger- og Fiskerforbunds landsmøte 14. november 2021.

§ 1 Namn

Laget sitt namn er Nordhordland Jakt- og Fiskelag, heretter forkorta NJFL.

§ 2 Formål

Laget sine formål er dei same som for NJFF.

Arbeidet i laget skal byggje på NJFF sitt gjeldande strategidokument.

Laget sine formål er i tillegg:

- å knyte jegerar og fiskarar saman i felles arbeid for å auke vilt- og fiskebestanden ved positive tiltak innan vilt- og fiskestell
- å betre ålmenta sin tilgang til jakt og fiske
- å arbeide for human jakt og ansvarsmedviten ferdsel i skog og mark
- å innarbeide respekt for jakt-, fiske- og friluftslivsgjeving hjå ålmenta
- å arbeide for korrekt bruk av våpen og sportsfiskereiskap
- å arbeide for betre jakt- og ettersøks hundar
- å arbeide for vern av naturen sitt produksjonsgrunnlag for vilt og fisk
- å arbeide for auka produksjon av fisk og vilt
- å drive aktivt ungdoms- og skuleringsarbeid
- å samarbeide med offentlege og andre interesseorganisasjonar for å nå målet
- å arbeide for å etablere medlemsfordelar

§ 3 Medlemskap

Ein kvar person som er interessert i jakt, sportsfiske, anna friluftsliv og naturforvaltning kan bli medlem. Laget er tilslutta NJFF med alle sine medlemmar.

Medlemmane vert delte inn i dei medlemskategoriane i forbundet som til ei kvar tid gjeld.

Ein medlem har ingen rettar i organisasjonen utover den perioden som kontingenten er betalt for. Medlemskap vert fornya gjennom betaling av kontingenten for det komande året.

For å ha stemmerett, må medlemmen ha fylt 14 år.

Styret i laget kan vedta eksklusjon, suspensjon eller tap av verv og rettar i samsvar med NJFF sine sentrale vedtekter.



§ 4 Medlemskontingent

Medlemskontingenten vert vedtatt av NJFF sitt landsmøte og representantskap. Betalt kontingent gjeld for eitt år frå betalingsdato. Kontingenten vert kravd inn av NJFF sentralt, som overfører vedtatt del til foreininga.

§ 5 Laget sine styrande organ

- a) Ordinært årsmøte
- b) Ekstraordinært årsmøte
- c) Styret

§ 6 Årsmøte

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 31. mars. Årsmøtet skal kallast inn av styret minst fire veker før det vert halde. Forslag til saksliste for møtet skal følgje innkallinga. Saker til årsmøtet skal vere skriftlege og styret i hende seinast to veker før årsmøtet. Endeleg saksliste skal behandlast av styret og gjerast kjent for medlemmane seinast éi veke før møtet. Det skal førast protokoll frå årsmøtet.

På årsmøtet skal følgjande behandlast:

1. Konstituering av møtet
 - Godkjenning av innkallinga
 - Godkjenning av dagsorden
 - Godkjenning av forretningsorden
 - Val av ordstyrar
 - Val av sekretær
 - Val av teljekorps
 - Val av to medlemmar til å underskrive protokollen
2. Årsmelding frå siste kalenderår
3. Revidert rekneskap frå siste kalenderår
4. Innkomne saker med styret sine forslag til vedtak
5. Retningslinjer for foreiningsdrifta
6. Andre saker som styret har ført opp på dagsorden
7. Styret sine forslag til årsplan og budsjett
8. Styret sitt forslag til kontingentnivå (låg, middels, høg sats) for hovudmedlemskap
9. Val av styre i samsvar med § 8
10. Foreininga sin utvalsstruktur og val av medlemmar til utval etter behov
11. Val av valnemnd på tre medlemmar, velges for 3år, rullerer.
12. Val av revisor(ar)
13. Eventuell utnemning av æresmedlemmar
14. Eventuelt forslag om vedtektsendring med utgangspunkt i NJFF si vedtektsnorm
15. Val av lagets representantar til regionlagets årsmøte.
16. Forslag på landsmøtesaker i NJFF.



17. Årsmøtet skal beslutta forvaltning av lagets ressursar og avtalar.

Årsmøtet skal ha tilsyn med at tidlegare avgjerder er utførte i samsvar med føresetnadene.

Saker vert avgjort med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap vert forslaget forkasta, unntatt ved personval, der det vert føretatt loddrekning. Personval bør vere skriftleg dersom det ligg føre fleire forslag og nokon krev skriftleg avstemming. Elles har ingen som er til stades meir enn éi stemme. Det er ikkje rom for fullmakter.

Inntil to representantar frå sentralleddet og/eller regionorganisasjonen har rett til å vere til stades med talerett.

§ 7 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har vedtatt det, eller når det vert kravd skriftleg av 1/3 av medlemmane. Melding av saker og innkalling må skje innan dei same tidsrammene som for ordinært årsmøte.

Det skal førast protokoll frå ekstraordinært årsmøte.

Det skal ikkje takast avgjerder i andre saker enn dei som er oppførte i innkallinga.

Inntil to representantar frå sentralleddet og/eller regionorganisasjonen har rett til å vere til stades med talerett.

§ 8 Styret

Laget vert leia av eit styre på 6 medlemmar, samt to varamedlemmar og skal veljast av årsmøtet for to år om gongen, men slik at tilnærma halve styret er på val kvart år.

Styret består av:

- årsmøtevald leiar
- nestleiar
- kasserar
- eventuelt styremedlemmar valde etter funksjon (leder frå utval).

Styremøte vert halde når leiar fastset det, eller når det vert kravd av minst tre medlemmar av styret. Styret er avgjerdsdyktig når meir enn halvparten av styret sine medlemmar er til stades. Vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar dobbeltstemme. Styret er kollektivt ansvarleg for drifta av laget og for dei vedtaka som vert gjort.

Det skal førast protokoll frå kvart styremøte. Denne skal gjerast kjent for medlemmane.

§ 9 Styret sine plikter

1. Verne om laget sine interesser, forvalte midlane, handheve vedtektene og foreininga/laget sine retningslinjer.
2. Gjennomføre årsplanen og andre årsmøtevedtektne saker. Førebu, behandle og fatte vedtak i saker av interesse for laget.



3. Leggje fram for årsmøtet melding om verksemda i laget gjennom det siste kalenderåret, revidert rekneskap, budsjettforslag og forslag til verksemdsplan i samsvar med NJFF sine strategidokument, for komande år.
4. Leggje fram for årsmøtet eventuelle forslag om utnemning av æresmedlemmar, samt eventuelle forslag om tildeling av NJFF sine diplom eller gullmerke for vidare ekspedering til NJFF sitt forbundsstyre.
5. Rapportere årsmelding og rekneskap til NJFF sentralt innan 1. mai kvart år. Ajourføre liste over tillitsvalde i NJFF sitt medlemsregister og i Brønnøysundregisteret.
6. Arbeide for foreinings- og medlemsfordeler, medrekna moglegheiter for økonomisk støtte.
7. Ivareta laget sitt arkiv.
8. Driva eit aktivt ungdomsarbeid.
9. Forvalta lagets ressursar i tråd med gjeldande avtaler og vedtak beslutta på årsmøtet.

§ 10 Rekneskap

Rekneskapan følgjer kalenderåret og skal reviderast av revisor(ar) valde av årsmøtet. Revisjonen gir innstilling om rekneskapan til årsmøtet.

Laget dekker reiseutgifter og eventuelle andre utgifter som representantar for laget vert påførte i teneste.

§ 11 Vedtektsendringar

Laget sine vedtekter skal vere innanfor NJFF si gjeldande vedtektsnorm. Ved endringar i vedtektsnorma, forpliktar lokallaget seg til å korrigere dette i sine vedtekter på førstkommande ordinære årsmøte.

Forslag til endringar i dei delane av vedtektene som laget sjølv kan tilpasse, krev 2/3 fleirtal på årsmøtet for å bli vedtatt. Vedtektsendringar må godkjennast av NJFF sentralt.

§ 12 Domsutval

Laget er forplikta av reglane i gjeldande domsutval i NJFF sine sentrale vedtekter og normer.

§ 13 Utmelding av NJFF

Utmelding av NJFF krev 2/3 fleirtal i to påfølgande ordinære årsmøte, og vert gjort gjeldande frå førstkommande årsskifte etter endeleg utmeldingsvedtak. Lovleg fatta utmeldingsvedtak må gjerast kjent for NJFF sentralt innan 1. september i året før utmeldinga.

Dersom laget trekkjer seg ut frå NJFF utan gyldig vedtak i samsvar med desse vedtektene, kan NJFF sitt forbundsstyre vedta at NJFF sitt regionlag skal overta laget sine eignelutar på uttrekkingstidspunktet til fremje for forbundet sine formål i området.

§ 14 Oppløysing av laget

Dersom det ligg føre eit grunngjeve forslag om oppløysing, skal styret behandle dette og



leggje det fram for årsmøtet. Endeleg avgjerd i saka krev 2/3 fleirtal for oppløysing i to på kvarandre følgjande årsmøte. Dersom det vert vedtatt å oppløyse laget, kan NJFF sitt forbundsstyre vedta at midlane skal disponerast av NJFF sitt regionlag til fremje for forbundet sine formål i kommunen eller distriktet.

Dersom laget sjølv ikkje er i stand til å gjennomføre årsmøte, ligg det til regionlaget sitt styre å vedta oppløysing.

